

# Vedtekter for FAU Spildepollen skule

## § 1 - Formål

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) skal fremje foreldra sine fellesinteresser, vere eit bindeledd mellom foreldra og skulen, og arbeide for eit godt læringsmiljø for alle elevar. FAU har plikt til å informere alle foreldre. På Spildepollen skule informerer FAU ved å publisere sakliste i forkant av møte på skulen si nettside, og referat etter møtet.

## § 2 - Organisasjonsform

Foreningen er en frittstående juridisk person og er selveiende. Foreningen er eit pålagt organ etter opplæringsloven §11-4, som våre vedtekter skal være i overenstemmelse med. At den er selveiende innebærer at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreningens formue eller eiendeler, eller er ansvarlig for gjeld eller andre forpliktelser.

## § 3 - Medlemmer og val av styre

Foreldrerådet består av alle foreldrene på skolen. De velger representanter til foreldrerådets arbeidsutvalg - FAU. Val av representantar til FAU, FAU-representantane, vert valde på foreldremøte tidleg på hausten. Det blir vald ein foreldrekontakt og ein vara frå kvar læringsgruppe på kvart årssteg også frå SFO. Fortrinnsvis skal vara bli foreldrekontakt året etter å ha vært vara, det velges ny vara kvart år, dette sikre kontinuitet. Foreldrekontakt har møteplikt, vara har møteplikt når foreldrekontakt ikkje kan stille, foreldrekontakt som treng vara har ansvar for å underrette vara og melde frå til leiar. Vara har møterett og vil motta innkalling på lik linje med foreldrekontakt.

## § 4 - Konstituering av FAU og representantar til andre utval

FAU konstituerer seg sjølv. Det skal vera ein leiar, nestleiar, skrivar og kasserer. Det skal også veljast to representantar med personleg vara til samarbeidsutvalet (SU) og skolemiljøutvalet (SMU). Leiaren i FAU er den eine representanten.

## § 5 - Møte

FAU har møte ca annakvar månad. Leiaren som er ordstyrar på møta. Dette ansvaret kan delegerast til andre på møtet. Sakliste skal alltid vere kjend for leiaren og resten av FAU. Innkalling, sakliste og møtereferat vert publisert på skulen si nettside. FAU er vedtaksfør om 2/3 av medlemma er tilstades.

## § 6 - Signaturrett

Det er styres leder og ett styremedlem i fellesskap som innehavar signaturrett.

## § 7 - Økonomi

FAU kan kun ta imot midlar som kjem alle elevar ved Spildepollen skule direkte til gode. FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn. Kvart år vert det val av kasserar og vara til kasserar, begge skal ha tilgang til og kunne disponere bankkonti. Rekneskapen vert lagt fram på det siste møtet i skuleåret.

## § 8 - Teieplikt

Alle foreldrerepresentantar har teieplikt. FAU skal ikkje behandla eller diskutera saker som omhandlar enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller personale ved skulen.

## § 9 - Rolla til rektor

Rektor har ansvar for å leggje til rette for eit godt samarbeid mellom skule og heim. Rektor skal sørge for god kommunikasjon med foreldre, både enkeltforeldre, men og gjennom FAU og andre utval. FAU er foreldra sitt talerør, men direkte informasjon frå skuleleiinga kan også vere nyttig. Dette styrer rektor si deltaking på FAU-møta.

## § 10 - Samarbeid mellom FAU og andre skuleutval

FAU ved Spildepollen skule samarbeider med Elevrådet ved å lese gjennom møtereferat og svare på eventuelle spørsmål på ein sakleg og god måte. Me har representantar frå FAU med på SU sine møte og Skolemiljøutvalet (SMU) sine møte. Desse tar med seg eventuelle saker og spørsmål frå FAU og gjev FAU eit referat etter møte.

## § 11 - Endring av vedtektar

Alle framlegg til endringer i vedtektena skal sendast skriftleg til FAU-leiar, seinast tre veker før neste møte. FAU behandlar alle innkomne framlegg og informerer alle foreldre om endringar som er utført. Dette vert publisert på skulen sine nettsider. Det må vera 2/3 fleirtall for endringane i eit vedtaksfør møte.

## § 12 Opplysing

FAU er eit lovpålagt organ ved skulen, FAU fyljer dei retningslinjer som loven krev og kan ikkje løysast opp før skulen vert nedlagt eller endring i lovverket som tilseie at FAU skal leggast ned.